
Vår referanse 2021/6574-2
Dato 26.03.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Hurtigladestasjon - gnr 188 bnr 116 - Gjervik ytre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 25.02.2021. Frist for uttale er 25.03.2021.

Det er søkt om mellombels flytting av to hurtigladestasjonar frå Kvassnesvegen til Kvernhusmyrane på gnr 188 bnr. 166 i Alver kommune. Det er opplyst at parsellen er eigd av Alver kommune.

Arealet er regulert gjennom «Tunnel på Fv. 57 - Knarvik - Isdalstø» der det er vist som vegføremål. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål i godkjent plan, og regulert byggjegrense.

Tiltaket kjem som følgje av at det skal byggast ny rundkøyring i Knarvik sentrum. Når rundkøyringa er bygd, skal hurtigladestasjonane flyttast tilbake.

Vi er opptatt av at tiltaket ikkje må vere til ulempe eller hindring for framføring av ny fv. 57. Sidan tiltaket er mellombels og skal ha ei varigheit på omlag 2,5 år, meiner vi dette kan akseptast. Det må gå fram av vedtaket at det er mellombels.

Knarvik VGS ligg i tilknytning til parkeringsarealet der hurtigladestasjonen er planlagt oppført. Skulen disponerer eigen del av parkeringsarealet, og vert ikkje direkte påverka av tiltak som det vert søkt om. Vi legg til grunn at tiltaket vert utforma på ein trafikksikker måte, og ikkje vert til hinder for friskt i kryssområdet mot Kvernhusmyrane.

Vestland fylkeskommune som samferdslemynde har ikkje vesentlege merknader ut over dette.

Med helsing

Hege Løvteit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATENS VEGVESEN BERGEN
KONTORSTED

Postboks 874 Sentrum